



ARKIV

FYLKESMANNEN I HORDALAND		
SKENNR	17/1407-4	SE: TGT
UTGIFTE	721.0	UOFF \$
MOTTATT DATO:	08 MAI 2017	
TA <input type="checkbox"/>	BALD	SIGN.:
TIDL.REF.:		

Fylkesmannen i Hordaland
Helse- og sosialavdelinga
Postboks 7310
5020 Bergen

Deres ref: 2017/1407

Vår ref: 17/65 32

Vår dato: 05.05.17

Svar på skriv om økonomisk stønad til buutgifter

Viser til brev av 31.01.17 der de ber oss avklare spørsmål knytta til buutgifter.

For det fyrste vert det stilt spørsmål ved om NAV kan krevje at ein einsleg person skal flytte inn i bufellesskap for å redusere buutgiftene.

Det ein reint faktisk kan, er å krevje at tenestemottakar reduserer buutgiftene. Dette handlar om å sjå stønadsnivået opp mot moglegheitene for å bli sjølvhjulpen. NAV-kontoret har både ein rett og plikt til å vurdere kva som er rimelege buutgifter i kommunen. Dersom det som sjåast som rimelege buutgifter gjer at det mest aktuelle er å skaffe rom i bukollektiv, må ein del av NAV si vurdering vere om dette vil vere rimeleg å krevje av den einskilde. Her vil moment som alder og livssituasjon, opplysningar om psykisk helse, rus, ansvar for eller samvær med born, kunne spele inn i ei heilskapsvurdering. Sjå for øvrig rundskrivet pkt. 4.18.2.8.

Det kan vere aktuelt å setje einsidig vilkår om å redusere bukostnadene. Dette kjem av ei konkret vurdering. Når NAV einsidig skal setje vilkår, skjerpast krava til grunngjeving, jf. § 20 og § 20a. Unge er ofte sårbare, og NAV må ta omsyn til dette når det indirekte verte snakk om å flytte som følge av vilkårsstilling.

Vidare stiller de spørsmål ved kva for ein rett den einskilde har til økonomisk stønad til buutgifter når ein bur hos foreldre eller som losjerande?

Ein kan i tilfelle vise til rundskriv Hovednr. 35 om sambuarar og personar i bufellesskap pkt. 4.18.2.4. Foreldre har i utgangspunktet ikkje forsørgingsbyrde ovanfor unge over 18 år. Det er rimeleg å krevje at unge vaksne som ikkje er under vidaregåande opplæring, betaler noko for å bu i bustaden til foreldra. Derfor må NAV-kontoret gjere ei konkret vurdering av reelle utgifter til livsopphald, og under dette buutgifter. Det vil vere skilnad på å bu og disponere eit rom i felles bustad med foreldre enn det å disponere eit sjølvstendig utleigeobjekt. Det er

ARBEIDS- OG TJENESTEAVDELINGEN // ARBEIDS- OG VELFERDSDirektoratET


Postadresse: Postboks 5, St. Olavs plass // 0130 OSLO

Besøksadresse: Økernveien 94 // 0579 Oslo

Tel: 21 07 10 00 // Faks:

naturleg og rimeleg å utmåle bukostnadene med dette som eit bakteppe. Når det gjeld losjerande, så vil NAV-kontoret i ei heilskapsvurdering måtte sjå på moment som inngått kontrakt/pris, marknadspris for eit rom i andre sin bustad og kva for fasilitetar tenestemottakar disponerer der.

Vennleg helsing


for Jan Erik Grundtjernlien
seksjonssjef virkemiddelseksjonen


Mari Pleym
rådgjevar